



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
89/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	03.10.2016
99/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.10.2016
86/2016	Kommunestyret	PS	14.11.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 614, FA - A20	15/968

### NY BARNE OG UNGDOMSKULE PÅ DALE SAMT TILBYGG VAKSDAL SKULE Tomteval, prosess og framdrift

#### Vedlegg:

Samandragrapport Dale BU\_2016

Solstudiar-skuletomt

Grovkalkyle K250

Lokalisering av ny skule på Dale - innspel frå K5-prosjektet - innspel frå K5-prosjektet

Notat\_Kostnadsvurdering\_K250

Notat Norconsult Alternativer\_Modulbygg\_DBU

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak til møte 03.10.2016:

Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny Barne og ungdomskule skule for 250 elevar på eksisterande skuletomt på Dale. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn.

Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast og erstattast med nytt bygg. Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing.

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,

Formannskapet er styringsgruppe for ny skule på Dale. Det vert utpeikt ein arbeidsgruppe med følgjande representantar:

- 2 politikarar frå formannskapet
- prosjektleiar
- 2 elevar
- 2 representantar for tilsette
- 4 frå administrasjonen

Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule der ein vurderer løysing, kostnader og framdrift for eit tilbygg.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak til møte 31.10.2016:**

Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny Barne og ungdomskule for 250 elevar på eksisterande skuletomt på Dale. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn.

Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast og erstattast med nytt bygg. Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing.

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,

Formannskapet er styringsgruppe for ny skule på Dale. Det vert utpeikt byggjenemnd og referansegruppe for prosjektet med følgjande representantar:

<b>Rolle</b>	<b>Referansegruppe</b>	<b>Byggjenemnd</b>
Formannskapet	1	2
Prosjektleder	1	1
Elevar	2	
Representant for tilsette	2	
Representant frå FAU	2	
Representant frå Vaksdal musikkråd	1	
Representant frå administrasjonen	4	3
<b>Sum</b>	<b>13</b>	<b>6</b>

Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule der ein vurderer løysing, kostnader og framdrift for eit tilbygg. Det vert utpeikt ein referansegruppe med følgjande representantar:

- 1 politikar
- prosjektleder
- 2 elevar
- 2 representantar for tilsette
- 2 representantar frå frivillige lag/organisasjonar på Vaksdal
- 2 representant frå FAU
- 4 frå administrasjonen

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 89/2016**

#### **FPØ - Behandling:**

Einingsleder for Samfunnsutvikling orienterte.

#### Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Som adm.*

*Formannskapet er styringsgruppe for ny skule på Dale. Det vert utpeikt ei arbeidsgruppe med følgjande representantar:*

- 2 politikarar frå formannskapet*
- prosjektleder*
- 2 elevar*
- 2 representantar for tilsette*
- 4 frå administrasjonen*

*Tillegg:  
Leiar FAU*

*Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule der ein vurderer løysing, kostnader og framdrift for eit tilbygg slik at det kan handsamast i høve økonomiplanen 2017.*

*Formannskapet er styringsgruppe for nytt tilbygg på Vaksdal skule. Det vert utpeikt ei arbeidsgruppe/referansegruppe med følgjande representantar:*

- 2 politikarar frå formannskapet*
- prosjektleiar*
- 2 elevar*
- 2 representantar for tilsette*
- 4 frå administrasjonen*
- Leiar FAU*

Ordføraren la fram forslag om å utsetje saka til budsjettmøtet 24./25. oktober. Ein ber administrasjonen leggje fram tilleggsopplysningar som bedt om i møtet.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - Vedtak:**

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen. Formannskapet ber om tilleggsopplysningar som framkome i møtet. Saka vert å ta opp igjen i budsjettmøtet 24./25. oktober.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 99/2016**

##### **FPØ - Behandling:**

Einingsleiar samfunnsutvikling orienterte om tilleggsopplysningane i saka. Ved ei feil var ikkje oppdatert framlegg til vedtak frå rådmannen kome med ved utsendinga. Formannskapet vedtok likevel å behandle saka.

Innspel frå prosjektleiar for K5-prosjektet vart lagt fram i møtet.

##### **Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:**

*Innan kommunestyret sitt møte 14.11.2016 legg administrasjonen fram eit notat gjeldande kostnad for brakkemodul i høve ny skule.*

Oppdatert framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes samrøystes vedteke.

##### **FPØ - Tilråding:**

Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny Barne og ungdomskule for 250 elevar på eksisterande skuletomt på Dale. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn.

Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast og erstattast med nytt bygg. Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing.

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,

Formannskapet er styringsgruppe for ny skule på Dale. Det vert utpeikt byggjenemnd og referansegruppe for prosjektet med følgjande representantar:

Rolle	Referansegruppe	Byggjenemnd
Formannskapet	1	2
Prosjektleiar	1	1
Elevar	2	
Representant for tilsette	2	
Representant frå FAU	2	
Representant frå Vaksdal musikkråd	1	
Representant frå administrasjonen	4	3
<b>Sum</b>	<b>13</b>	<b>6</b>

Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule der ein vurderer løysing, kostnader og framdrift for eit tilbygg. Det vert utpeikt ein referansegruppe med følgjande representantar:

- 1 politikar
- prosjektleiar
- 2 elevar
- 2 representantar for tilsette
- 2 representantar frå frivillige lag/organisasjonar på Vaksdal
- 2 representant frå FAU
- 4 frå administrasjonen

Innan kommunestyret sitt møte 14.11.2016 legg administrasjonen fram eit notat gjeldande kostnad for brakkemodul i høve ny skule.

### **Kommunestyret - Sak 86/2016**

#### **KOM - Behandling:**

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny Barne- og ungdomsskule for 250 elevar på Sandliane /eksisterande tomt. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn. Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast og at delar av tomte vert seld, og at deler av tomte vert opparbeida til offentleg tilgjenge om Sandliane vert vald.*

*Dale barne- og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:*

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,
- Skulekantine
- Rehabilitering/ nytt folkebad

*Forslaget elles, som innstilling.*

Tilleggsframlegg frå Boris Groth, FRP:

*Kommunestyret ber om at det vurderes mulighet for å innarbeide eit ungdomslokale i det nye skuleanlegget for ungdomsklubb o.l.*

Endringsframlegg frå Bjørn Øivind Krogsrud, AP:

*Nytt kulepunkt i 3. avsnitt*

- nytt basseng 25 m x 12.5 m
- skulekantine

*Setningen: ..... vurdere trong for rehabilitering/oppussing. strykes*

Ordføreren ba om møte med gruppeleiarane. I etterkant av dette fremja han følgjande omforente forslag:

*Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny barne- og ungdomsskule for 250 elevar på eksisterande skuletomt på Dale/Sandliane. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn.*

*Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast (**resten av setninga går ut**). Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing/**nybygg**.*

*Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:*

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,
- **kantine**
- **anna**

Det omforente framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordføreren ba så valnemnda tre saman for å koma med framlegg til politiske representantar.

Leiar i valnemnda fremja slikt framlegg:

Referansegruppa Dale: Ordførar

2 medlemmer til byggenemnda Dale: Ordførar og Jan Erik Bernes Roe

Referansegruppa for tilbygg Vaksdal: Valnemnda var delt og leverte 2 alternative framlegg: Anne Christin Eide / Kjartan Haugsnes

Det kom framlegg frå Jan Erik Bernes Roe om å utvida referansegruppa for tilbygg Vaksdal til 2 personar. Dette vart samrøystes vedteke.

Alle vala samrøystes vedtekne.

## KOM - Vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert starta opp prosjekt for bygging av ny Barne- og ungdomskule for 250 elevar på eksisterande skuletomt på Dale/Sandliane. Som følgje av forventa folketalsauke skal skulen planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggjetrinn.

Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast. Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing/nybygg.

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- PPT,
- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert,
- kantine,
- anna

Formannskapet er styringsgruppe for ny skule på Dale. Det vert utpeikt byggjenemnd og referansegruppe for prosjektet med følgjande representantar:

Rolle	Referansegruppe	Byggjenemnd
Formannskapet	1	2
Prosjektleiari	1	1
Elevar	2	
Representant for tilsette	2	
Representant frå FAU	2	
Representant frå Vaksdal musikkråd	1	
Representant frå administrasjonen	4	3
<b>Sum</b>	<b>13</b>	<b>6</b>

Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule der ein vurderer løysing, kostnader og framdrift for eit tilbygg. Det vert utpeikt ein referansegruppe med følgjande representantar:

- 2 politikarar
- prosjektleiar
- 2 elevar
- 2 representantar for tilsette
- 2 representantar frå frivillige lag/organisasjonar på Vaksdal
- 2 representant frå FAU
- 4 frå administrasjonen

Politiske representantar i referansegruppene og byggjenemnda:

Dale:

<b>Referansegruppa</b>	<b>Byggjenemnda</b>
Ordførar Eirik Haga	Ordførar Eirik Haga
	Jan Erik Bernes Roe

Vaksdal:

Referansegruppa:  
Anne Christin Eide  
Kjartan Haugsnes

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Kommunestyret fatta i sak 60/2016 (27.06.2016) følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.
2. Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.

Kostnadskalkyle for alternativ OB – ny Dale barne og ungdomsskule på Dale er basert på moglegheitstudie utført av Norconsult, og samanfatta i vedlagte rapport.

Det har ikkje vore mogleg for administrasjon å få fram kostnadskalkyle for tilbygg for Vaksdal skule fram til handsaming av budsjett for 2017. Rådmannen foreslår at det vert utført eit forprosjekt for tilbygg for Vaksdal skule som vert lagt fram i samband med handsaming av budsjett for 2018.

### Arealbehov for ny skule



Bygget er tenkt som eit fleirbruksbygg som vert nytta utanfor ordinær arbeidstid. Her er tanken at frivillige lag og organisasjonar kan nytte delar av bygget på ettermiddag/kveld samt i helgene.

Kombinert kultur- og idrettssal, samt helsestasjon er i heilheit lagt inn som ein del av skulearealet. Ein må avklare om helsestasjon skal inngå i arealet. Som minimum er det eit premiss at helsesøster får kontor i skulen.

Spesialisert læringsareal for musikk vert utvida i høve til skulens behov for å gje plass til kulturskulens behov. Areal for biblioteket vert utvida slik at skulebiblioteket inngår som ein del av folkebiblioteket. Areal for PPT vert lagt inn som tilleggsareal. Det vil vere aktuelt å planlegge noko sambruk med helsestasjon og skuleleing om støtteareal (garderobe, wc, møterom og liknande).

Kultursal er i utgangspunktet tenkt samlokalisert med areal for kroppsøving (gymsal), og er difor kalla fleirbrukssal. Dersom ny skule vert lokalisert i nærleiken av Turbinen idrettshall, vil skulen ikkje ha behov for eigen gymsal. I så fall vil arealbehovet for ein kultursal (med støtteareal) vere noko mindre enn det som er lagt inn i sambruk med idrettsareal.

Sambruk kultursal og auditorium kan vere eit alternativ for sambruksfunksjon dersom skulen ikkje treng eigen gymsal. I tabellane under er det lagt inn eit tilleggsbehov på 300 m<sup>2</sup> for fleirbrukssal (kultursal/ auditorium) for alternativ lokalisering nær Turbinen idrettshall.

Framtidig løysning etter 0-alternativet er basert på nytt skulebygg. Ei løysning basert på rehabilitering av eksisterande bygg har vore vurdert, men vert ikkje tilrådd.

### Tomteval for ny skule

I moglegheitstudien for barne- og ungdomskule på Dale er det er vurdert tre ulike plasseringar som vist på figur på neste side:

Alternativ tomt	Bruttoareal m <sup>2</sup>	Tilleggsareal m <sup>2</sup>	Samla bruttoareal m <sup>2</sup>
A – eksisterande tomt	16 250	4 124	20 374
B – Tomt langs Daleelven (Sandliane)	13 690	4 500	18 190
C - Kamgarnfabrikken	23 500	4 500	

Berekna bruttoareal for ein kombinert barne- og ungdomskule for 250 elevar:

Alternativ tomt	Skule m <sup>2</sup>	Tilleggsareal m <sup>2</sup>	Samla areal m <sup>2</sup>
A – eksisterande tomt	3 532	360	3 892
B – Tomt langs Daleelven (Sandliane)	3 060	660	3 720


Berekna investeringsbehov for ein kombinert barne- og ungdomskule for 250 elevar:

Alternativ tomt	Riving/sanering mill. kr	Nybygg mill. kr	Samla investering mill. kr
A – eksisterande tomt	10,4	136,2*	146,7
B – Tomt langs Daleelven (Sandliane)	10,4	130,2	140,6

\* For eksisterande tomt er etablering av mellombels modulsule tatt med i kostnadene. Det kan vere fornuftig å etablere denne på Sandliane då ein kan nytte Turbinen i denne perioden.

Det er ikkje berekna kostnader for og arealbehov for ein 250 skule i del av Kamgarnfabrikken.





Vurderte tomtealternativ for ny skule på Dale.

K250 skule	+ Pluss	- Minus
Eksisterande skuletomt	+ Regulert til skuleformål + Ferdig opparbeidd tomt + Sentrumsnært, tilgjenge + Gode tilhøve sol/dagslys + Park m/ utescene nær skulen er godt eigna for undervisning og leik ute + Mogleg å utvide skuletomta på sikt dersom skulen treng utviding (oppkjøp naboeigedomar)	- Må flytte til mellombels bygg i rive- og byggeperioden - Ekstrakostnader mellombels skulebygg - Avstand til Turbinen
Ny tomt ved Daleelva, Sandliane	+ Kan nytte eksisterande skule i byggetida + Nærleik til Turbinen + Ubygd tomt + Park/hage nær skulen er godt eigna for undervisning og leik ute + God forankring i lokal industrihistorie ved elva	- Mindre sol i skuletida - Tomt må regulerast til skuleformål - Kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710 - Behov for trafikktryggingstiltak til Turbinen samt veg til Eikhaugen - Avstand til symjehall - I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum
Ny skule i del av Kamgarnfabrikken	+ Kan nytte eksisterande skule i byggetida + Nærleik til Turbinen + Moglegheit for stort uteområde sør for fabrikkbygget + Park/hage nær skulen er godt eigna for undervisning og leik ute + God forankring i lokal industrihistorie ved elva	- Mindre sol i skuletida - Tomt må regulerast til skuleformål - Kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710 - Kostnader til ureina grunn - Behov for trafikktryggingstiltak til Turbinen samt veg til Eikhaugen - Avstand til symjehall - Låg utnytting av Kamgarn, kan føre til meir industriverksemd i leigearal på sikt. Skulen liten del av totalverksemd. - I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum

For utfyllande skildring av dei ulike tomtene vert det vist til vedlagte samandragsrapport.

## Framdrift

*Tentativ framdriftsplan for Dale- barne og ungdomsskule med opning av ny skule august 2020:*

Fase	2016	2017		2018		2019		2020	
	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2.
Programmeringsfase									
Entreprisemodell Konkurransgrunnlag									
Arkitektkonkurranse Prosjektering									
Riving og bygging									
Opning ny skule									

## **Vurdering**

Ny barne- og ungdomskule på Dale er tenkt som fleirbruksbygg som vert nytta utover ordinær skuletid. Etter rådmannens vurdering må difor nærleik til sentrum vektleggjast særskilt. Folketalsauke som følgje av ny veg og bane gjer at ein må ta høgde for at det på sikt kan verte fleire elevar enn i dag, då særskilt i ungdomstrinnet. Dette gjer at ein må vektlegge ein tomt med moglegheit for utviding.

Gode soltilhøve og uteområde må også vektleggjast ved val av tomt for ny skule.

Etter rådmannens vurdering er eksisterande skuletomt samla sett best eigna for ny barne- og ungdomskule på Dale.